

---

**Fra:** Alf Magnar Strand [mailto:Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no]  
**Sendt:** 29. januar 2014 13:46  
**Til:** Postmottak KD  
**Emne:** Høring - framlegg til endring i Opplæringslova og privatskulelova

Vedlegg til høringsuttale frå Masfjorden kommune

Med helsing  
Alf Strand  
Rådgjevar for oppvekst og kultur  
Tlf. 56166241 / 41610978  
e-post: [alf.m.strand@masfjorden.kommune.no](mailto:alf.m.strand@masfjorden.kommune.no)

-----  
Masfjorden kommune,  
5981 Masfjordnes  
[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

## Språkvask høyring opplæringslova

### 2.6 Forslag til lovtekst

#### Departementet skriv:

Første ledd i opplæringslovens §13-71 skal lyde slik:

*Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen. Omfanget og den nærmare fordelinga av leksehjelpa på årstrinna fastsetjast i forskrift.*

#### Korrekt nynorsk tekst vil vere:

*Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen. Omfanget og den nærmare fordelinga av leksehjelpa på årstrinna blir å fastsetje i forskrift. (Alternativ: Omfanget og den nærmare fordelinga av leksehjelpa på årstrinna skal fastsetjast i forskrift.)*

### 2.8 Forslag til forskriftstekst

#### Departementet skriv:

Forskrift til opplæringslovens §1A-1 første ledd skal lyde slik:

*Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. Opplæringslova §13 -7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring, gode rammer for sjølvstendig arbeid og medverke til utjamning av sosiale forskjellar i opplæringa.*

Samme forskrifts §1A-1 tredje ledd skal lyde slik:

*Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og veljar korleis leksehjelpa skal organiserast.*

#### Korrekt nynorsk tekst vil vere:

*Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. Opplæringslova §13 -7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane kan fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring, gode rammer for sjølvstendig arbeid og medverke til utjamning av sosiale forskjellar i opplæringa.*

Samme forskrifts §1A-1 tredje ledd skal lyde slik:

*Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.*